

De første menneska på Mars

Året er 2018 vi er nå på romstasjonen NASA. Eg er Jørgen og eg har gått 20 år på astronauttrening. Eg er ein av dei fire astronautane som er blitt utvalgt til å reise til Mars. Dei to andre er Viljar og Torstein. I dag er det tre dagar til vi skal reise. Eg har sommarfuglar i magen eg både gleder meg og gruar meg.

Etter tre dagar er alt klart. Vi sitter i romskipet som er veldig høg teknologisk Vi høyrer ein stemme som seier 10, 9, 8, 7, 6, 5, 4, 3, 2, 1 BANG!!! Eg føler eit gigantisk trykk og eg blir trykt ned i stolen. Og så plutseleg er eg vektlaus det føles fantastisk eg spør Torstein kor langt vekke frå jorda vi er. Han seier vi er 300 000 km vekk frå jorda. Eg syntest da var langt, men vi skulle mykje lenger enn da. Vi skulle faktisk sitte i romskipet i heile 2 år, det var lenge det. Men vi hadde jo kvarandre å snakke med, og i tillegg hadde vi treningsrom, soverom, kontrollrom til å styre romskipet med og eit forskningsrom der vi forska på mykje rart.

To år seinare

“Gjer dykk klar til landing, vi landar om ti sekunder”. Alle satt i stolane sine i kontrollrommet klare til å lande, dette var nok det vanskelegaste av alt. Men det gjekk, vi tok på oss romdraktene og gjekk ut på Mars. Det såg ut som ein stor ørken. Det einaste ein kunne sjå var sand så langt auge kunne sjå. Vi gjekk og leita etter tegn på liv, eller is. Etter 1 time med leiting hadde vi nesten gjeve opp, då vi såg eit lys, det var ikkje ein stjerne, men kva kunne det elles vere?

Vi gjekk mot lyset i ein halv time, då vi såg at det var ein menneskeliknande skapning. Då vi var 3 meter i frå den prøvde vi å snakke med den, og den snakka faktisk norsk. Eg forstod ingenting, korleis kunne den snakke norsk? Den sa “kom hit eg må vise dykk noko” vi kom nærmare, og følgde etter den. Då vi plutseleg kom til eit hull i bakken, romvesenet hoppa ned i hullet og eg sa vi skulle gjere det same. Det var kanskje 100 meter rett ned, men på grunn av at det var så lite tyngdekraft gjorde det ikkje vondt då vi traff bakken. Då sa Viljar “korleis skal vi komme oss tilbake? vi kan jo ikkje hoppe 100 meter rett opp.”

Dette forstod eg var eit problem, men eg sa ingenting om det, for då ville dei andre bli sure på meg, for det var jo eg som sa vi kunne hoppe ned. Vi følgde ein tunnel, då vi kom til ein by som var heilt utruleg. Bilane flaug bussane køyrde av seg sjølv. Alt var heilt utroleg. Vi følgde etter romvesenet helt til vi kom til ein stor bygning kor det var eit stort skilt kor det stod MSAZ.

Romvesenet sa vi skulle gå inn rett gjennom glaset. Det høyrdes jo ganske dumt ut, men vi gjorde det og vi kom rett gjennom glaset. Eg var heilt sjokka korleis er det mogleg tenkte eg. Men det som var på innsida var mykje meir utroleg, det var litt som NASA berre mykje kulare. Torstein tok opp eit kamera å begynte og ta bilete det same gjorde Viljar, men eg gjekk berre rundt i rommet og såg på alle tinga og utstyret som var der. De hadde drops som gjorde slik at du kunne klare deg 24 timar utan oksygen, de hadde også krympestråler som de brukte på satellittane de sendte ut slik at vi frå NASA ikkje fekk auge på dei. Dette var nemleg Mars sitt NASA berre mykje kulare. Romvesenet som viste oss veg sa "Eg er Bilbo eg er sjefen her på MSAZ. Då eg såg dykk komme gjekk eg ut for å prøve og få kontakt med dykk. Vi har nemleg venta lenge på dykk frå Jorda. Vi har holde auge med dykk frå avstand, men på grunn av at vi ikkje tåler tyngdekraft har vi aldri reist dit. Det eg egentlig ville seie er at dykk jordmenneske kan godt busette dykk her. Vi ser nemleg at dykk har problemar med miljøet der, men viss det blir for ille kan dykk dra hit. Berre ta så mykje utstyr dykk vil, og eg ynskjer dykk lykke til tilbake. Dykk kan dra i denne maskinen, den fører dykk direkte til jorda på 2 sekunder, vi skal ta godt vare på romskipet dykkar til dykk kommer tilbake." Viljar og Torstein gikk med på å reise i maskinen, og vi fylte sekkene våre med utstyr. Vi gjekk inn i maskinen, og såg på mens Bilbo trykket på nokon knapper og det føltes som om vi blei dratt gjennom ein liten vannslange, og akkurat når eg ikkje orka meir var vi på jorda. Der blei vi møtt med jubel, heile 2 år for tidleg. Vi visste biletane, og alt det andre vi hadde tatt med til sjefen i NASA. Dette var meir enn han hadde forventa, og han ga oss 1 milliard dollar kvar for vårt heltemot og vi ble alle 3 verdensberømte. 10 år seinare flyttet de første menneska på mars og ingen av disse tinga hadde skjedd hadde det ikkje vore for Jørgen, Viljar og Torstein.